



**Saksframlegg**

**Oppretting av styre for omstillingsprogrammet**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har:** Kommunestyret.

**Dokument i saka:**

- Formannskapssak 6/17

**Bakgrunn for saka:**

Telemark fylkeskommune har nå løyvd kr 1.6 mill. kr til Fyresdal kommune som omstillingskommune og ein bør kome i gang med arbeidet så fort som råd. Kommunestyret skal i møte i dag ta stilling til å delta i prosjektet med kr 400.000,-. Kommunestyret bad i sist møte om at Fyresdal næringsorganisasjon (FNO) kunne kome med forslag til kandidatar til styret.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020 der det heiter; Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.*

Styret vil bli samansett som vanleg er av styreleiar og styremedlemar. I tillegg vil det vere fleire observatørar som vil møte i styremøta.

FNO har kome med slikt forslag til styremedlemar:

- Aslak Momrak
- Linda Aas
- John Krisitan Lukassen

Styret kan samansetjast slik.

- Dersom politisk leiing ynskjer å vere med i styret og ordføraren er ein av dei kan han velgjast som styreleiar.
- Dersom det blir tre representantar frå næringslivet i kommunen ville det ikkje vere unaturleg at styret elles får tre politiske representantar til saman.
- Dvs. eit styre fordelt på seks personar med tre frå næringslivet i bygda og tre politikarar,

I tillegg vil:

- Innovasjon Norge, sentralt, vil ha med ein observatør.
- Innovasjon Norge, fylkesnivået, vil ha med ein observatør.
- Fylkeskommune vil møte med ein observatør.
- Det er og mykje vanleg at rådmannen møter som observatør.

Styret må sjølv ta stilling til prosjektorganisering/leiing, men inntil dette er avklart kan næringsssjefen stillast til disposisjon som sekretær for styret.

**Konklusjon:**

Det er kommunestyret som set saman styret og vel sine observatørar, evt. stiller ressursar til disposisjon for sekretær.

**Innstilling frå rådmannen:**

- Kommunestyret ynskjer at omstillingsstyret skal vere samansett av seks personar, derav tre politikarar og tre frå næringslivet i kommunen. Ordføraren blir leiar av styret.

Desse er:

Erik Skjervagen, leiar

.....  
.....  
.....  
.....  
.....

- Rådmannen deltek som observatør i omstillingsstyret.
- Næringssjefen er sekretær for omstillingsstyret inntil prosjektstyring/leiing er avklart.

Ketil O. Kiland	
rådmann	